



Nei til eigedomskatt på  
bustader og næring.

**Solveig S. Abrahamsen**  
Ordførarkandidat.



Legge til rette for bustad-  
utvikling i hele kommunen.

**Per Dehli.**  
**2. Kandidat.**



Fleksibelt barnehage opptak  
og gode oppvekstvilkår.

**Katrine Volhovd**  
**3.Kandidat.**



Sikre gode helse- og  
omsorgstjenester for alle.

**Edvard Mæland**  
**4. Kandidat**

**Seljord Høgre** 



1. Solveig S. Abrahamsen
2. Per Dehli
3. Katrine Volhovd
4. Edvard Mæland
5. Margit Elise Karlsen
6. Håkon Høgetveit
7. Gunhild Kåsa Dehli
8. Gunnar Eilefstad
9. Geir Anders Jensen
10. Anne Hagen-Nielsen
11. Geir Halvor Haugen
12. Tone Astrid Hjartsjø
13. Gunleif Oland
14. Hilde Hagen-Nielsen
15. Sondre G. Versto
16. Pia Groven-Robertsen
17. André Abrahamsen
18. Sigrunn Kåsa
19. Asbjørn Storrusten
20. Morten Olav Dyrud

# Valprogram for Seljord Høgre 2023-2027

## Det gode livsløp med Seljord Høgre

Seljord Høgre vil at kommunen skal være ein attraktiv bu- og arbeidsstad, ein stad i vekst med utviklingspotensiale for innbyggjarar, tilflyttarar og næringsliv.

**Seljord Høgre ynskjer utvikling i takt med dagens og framtidas behov for å sikre eit godt tilbod og gode tenester for Seljord sine innbyggjarar ved å:**

- prioritere kvalitet og kompetanseheving i skulen, barnehagane, SFO og kulturskulen.
- prioritere fleksibelt barnehageopptak og ha mål om barnehageplass i eigen skulekrins.
- vidareføre dagens skulestruktur med 1-7 trinn i Flatdal og ruste opp Seljordskulen.
- satse på førebyggande arbeid blant barn og unge og vidareutvikle skulehelsetenesta for å avdekke utfordringar hjå elevane.
- støtte opp om sosiale arenaer for unge og unge vaksne med f.eks. dataaktivitetar, mekking, motorsport, snosukter o.l.
- vidareføre ein god kulturskule og sommarskule.
- styrke ungdomsrådet si rolle i kommunen.
- fokusere på mat og helse i eit folkehelseperspektiv og gjeninnføre matservering i barnehagane.
- vidareutvikle frisklivstiltak og møteplassar for innbyggjarane i Seljord.
- støtte opp om Frivilligentralen.
- utvide bruken av velferdsteknologi i heile livsløpet for å trygge kvardagen for den enkelte.
- sikre at alle som ynskjer det skal kunne bu i eigen bustad så lenge som mogleg med god støtte frå kommunen, og dei som treng det skal få sjukeheimslass.
- ha dagleg meiningsfylt fysisk aktivitet på institusjonar.
- sikre at Seljord er ein demensvenleg kommune.
- sørge for at dei med funksjonsutfordringar får eit verdig liv i form av tilrettelegging, god og kvalifisera bemanning og ein innhaldsrik og trygg kvardag.
- fylge opp arbeidet med psykisk helse og rus.
- ha eit godt fagmiljø på helseenteret som sikrar god og stabil legedekning.
- støtte opp under arbeidet med heittidskultur i kommunale stillingar.

## Vekst og utvikling med Seljord Høgre

**Det må leggast til rette for ulike bustadformer både sentrumsnært og i grendene. Seljord skal vera ein offensiv kommune som aktivt legg til rette for auka busetting og for eksisterande og nye næringsverksemder ved å:**

- ikkje innføre eigedomsskatt på bustader, hytter og næringsbygg.
- sikre attraktive og tilgjengelege tomter for bustader og næringsliv i heile kommunen.
- gjeninnføre konsesjonsfridom for bustader.
- gjennomgå og vurdere kommunale avgifter for uteleigemarknaden.
- halde fram og forsterke det gode samarbeidet mellom kommunen, næringslivet og frivillige lag og organisasjonar.
- sette i gang arbeidet med nytt prosjekt for tettstadutvikling i Seljord.
- bidra til å vidareutvikle Granvin som eit regionalt kulturhus for alle.
- bidra til at Dyrskuplassen skal kunne utvikle seg som arrangementsstad.
- støtte opp om Seljord Økologiske Hage.
- nytte fleire lokale innkjøp ved offentlege anskaffingar der det er mogleg.
- prioritere heittidsbruk i landbruket samtidig med at kombinasjonsbruka har ein viktig plass.
- innføre tilskotsordning for gardsskogshogst med kr. 100,-/m<sup>3</sup>.
- halde fram med opprustinga av kommunale vegar.

## Seljord i eit større perspektiv – inn i framtida med Seljord Høgre

**Det er uro i store delar av verden, også i vårt nærområde som sender menneske på flukt. Klima og miljø er ei av dei store utfordringane verden står overfor og dette gjeld også Seljord. Seljord kan bidra med å:**

- bevare naturmangfold i skog og kulturlandskap og støtte tiltak mot attgroing.
- legge til rette for miljøvenlege transportløysingar og utsleppsfree kommunale køyretøy der det er mogleg og bruke miljøvenleg energi som sol og jordvarme i kommunale bygg.
- ha ein fakta- og kunnskapsbasera miljøvennleg samfunnsutvikling.
- sikre at berekraft er grunnplanken i alle kommunale planer og verksemder.
- miljøfyrtaarn-sertifisere Seljord kommune.
- ta vår del av ansvaret for å busette flyktningar og sikre ei god integrering.
- styrke beredskapen med fokus på øvingar og kommunikasjonen med innbyggjarane.
- vidareutvikle regionsamarbeidet i Vest-Telemark og nye Telemark fylke.